

Saknummer: 06/00207
Løpenummer: 002138/06
Arkivkode: V5
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

SÆRUTSKRIFT

Av 21 medlemmer ved 21 stemmer

T. Westervik

MØTEBOK
Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0021/06	Kommunestyret	27.04.2006

**HØYRING - ENDRING AV LOV OM VETERINÆR OG ANNA
DYREHELSEPERSONELL**

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Landbruksdepartementet

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/00143-65	
Mottatt: 05 MAI 2006 MP/SDD	
Saksber. MBB	713
Kopi:	Avsant:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Høyringskriv, datert 15.02.06
- Skriv til høyringsinstansane frå Den norske veterinærforening, datert 07.03.06

Saksutgreiing:

Landbruksdepartementet har sendt ut eit framlegg til endring av Lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Endringa går ut på å overføre ansvaret for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og klinisk veterinæravakt frå staten til kommunane.

Framlegget gjev opning for at kommunane kan tilpasse seg det nye ansvaret ganske fritt, ~~utifrå~~ lokale behov. Dei økonomiske konsekvensane er tenkt behandla i samband med kommuneøkonomiproposisjonen våren 2006.

Faglege problemstillingar:

Den norske veterinærforening har sendt eit eige skriv om endringane til høyringsinstansane, som i stor grad samsvarer med administrasjonen sine haldningar i saka. Dei faglege problemstillingane er godt opplyste i dette skrivet.

Økonomiske rammer:

Dei økonomiske tilhøva er viktige. Kostnaden med den nye ordninga vil vere mykje høgare for spreiddbygde kommunar som Gulen enn for tettbygde kommunar med god veterinærdekning. Difor er det heilt avgjerande for suksess at ei eventuell overføring av ansvar vert fylgd av nok økonomiske ressursar til å sikre gode nok vaktordningar og god nok rekruttering i dei spreiddbygde kommunane.

Spreiddbygde kommunar har ei rekkje ordningar som kostar vesentleg meir pr innbyggjar enn i sentrale stork. Kommunen sitt ansvar for tilgang på helsepersonell og lærkjarvakt er eit nærliggjande døme. Dette ansvaret vert i dag ikkje kompensert gjennom inntektssystemet, i beste fall indirekte gjennom dei såkalla "spreiddbygdkriteria". Framlegget til nytt inntektssystem for kommunane, som var på høyring i vinter, gav desse kriteria mindre vekt enn før, utan særskilt overtudande grunngeving.

Eit anna døme er det auka ansvaret for transport av helsepersonell, som vart lagt til kommunane i 2004. Dette vart dyrt for Gulen kommune. Denne omlegginga vart kompensert gjennom ei nedtrappingsordning på 5 år, sjølv om ansvaret for kommunane vil vere det same 5 år etter omlegginga.

Overføring av landbrukskontora til kommunane på 1990-talet kan stå som det siste dømet på omleggingar.

Administrasjonen finn det noko rart at finansiering av slike tiltak ikkje vert gjort via "spreiddbygdkriteria" i inntektssystemet, som vil vere ei langt meir stabil, rettviss og langsiktig ordning. Å auke det "politiske" regionaltilskotet er eit alternativ, men dette er meir ustabil, kortsiktig og lite treffsikkert, og i mindre grad basert på faglege grunngevingar.

Etter at "Rattsø-modellen" frå 1995 no har slått gjennom for fullt frå 2006, er spreiddbygde kommunar som Gulen taparane. I stor grad vil dette vere dei same kommunane som får høgast kostnader med den tilrådde endringa i dyrehelsepersonellova. Landbruksnæringa, som ofte er ei sær viktig næring i desse kommunane, vil difor oppleve at løyvingar til ei god dyrehelseteneste er utsett for sterk konkurranse frå dei tunge sektorane; omsorg og skule. Utan ein treffsikker og langsiktig finansieringsmodell vil det vere vanskeleg å få til gode ordningar og rekruttere veterinærar i dei nemnde kommunane, og såleis sikre eit likeverdig tilbod i heile landet.

Utifrå dei store vanskane staten har hatt dei siste åra med å få på plass ei avtale om veterinærvaktordning, er det nærliggjande å tru at den tilrådde omlegginga vil føre med seg vesentleg administrativt meirarbeid for kommunane. Dette må og kompenserast.

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune meiner høyringsutkastet til endring av lov om veterinærar og anna dyrehelsepersonell er for lite konkret både når det gjeld fagleg ansvar og ikkje minst økonomiske rammer. Utifrå røynslene med liknande overføring av ansvar, med manglande finansiell dekning for dei kommunane som får dei høgaste utgiftene, er kommunen sterkt kritisk til at dei økonomiske sidene ikkje vert konkretiserte i høyringsutkastet.

Gulen kommune har elles ikkje prinsipielt i mot at kommunane får eit auka ansvar for dyrehelse, og meiner kommunane vil ha kompetanse til å forvalte eit slikt ansvar på ein fagleg god og økonomisk effektiv måte.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 27.04.2006:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.